# flu fjell

tips:
57 84 90 00
sms/mms:
fjt tips til 2399
epost:
fjt@fjt.no

FjT FOLK

● **Gratulasjonar, fødde, jubilantar, nygifte, vi giftar oss og forlovingar**
Legg inn tekst og bilde til nett- og papiravisa på **folk.fjt.no**
Prisen er 100 kroner (nett + papir).
Bestilling og betaling gjer du på folk.fjt.no.

## konfirmantar

SØR-VÅGSØY KIRKE
**12. september, kl. 11.00**
Kristoffer Solvang Hauge
Amanda Nord Stenslid
Ole Henrik Nygård
Emilie Selstad
Malin Solvang
Sunniva Torheim Andal
Daniel Gangsøy Hestenes
Leah Panatda Barmen
Trond Eide Tennebø
Eivin Linder
Håvard Rundereim
Lone Hunvik Kvalheim
Aurora Tomine Dalelv
Håvard Lade
Magnus Garnes
Håkon Mathisen

SØR-VÅGSØY KIRKE
**12. september, kl. 13.00**
Sandra Furenes
Hedda Blålid Thorsen
Mari Oksholen
Emma Oppedal
Mie Våge
Kristine Syre
Markus Brandal Solberg
Aron Solheim
Emeline Gjerde Skavøypoll
Birgitte Gjerde Lillebø
Vår Saga Theresia Tellevik
Marius Lothe Fjugstad
Kristoffer Berg
Lea Gravdal Skavøypoll
Adrian Runderheim
Stian Pettersen Årdal
Kaja Saltkjel

SØR-VÅGSØY KIRKE
**13. september**
Bastian Djuvik
Leon Silden Tytingvåg,
Cathrine Ancheli Yuson Nygård
Ole Marius Rundereim
Kevin Hagevik Blålid
Aron Garlid Rundereim
Anna Elise Nore
Daniel Malmin Nordpoll
Mia Hammelow-Berg Alvestad
Ea Hammelow-Berg Alvestad
Ieva Jonelaityte

STÅRHEIM KYRKJE
**12. september**
Adrian-René Jensen Langø
Andreas Silden
Casper Sekkingstad
Celin Angelica Nygård
Harald Kristian Holmøyvik
Starheim
Inga-Sofie Starheim Aahjem
Julian Alexander Ervik Hansen
Lina Remme Dale
Simon Starheimsvik
Sunniva Starheimsvik

# Vart rørt av måten dei vart møtt på i Bergen

– Det er rørande å sjå at så mange bryr seg om kulturen, seier Elisabet Osdal (17) etter at seglasen med Sunniva-skrinet kom fram til Bergen.



**FRAMME I BERGEN:** Dei fire jentene som frakta Sunnivaskrinet var f.v. Sunniva Aadland Høen, Victoria Lid, Dina Øien og Elisabet Osdal. **FOTO: SIRI KOLSETH**

Det var mange som hadde møtt fram for å ta imot kystpilegrimsseglasen frå Selje som kom til Bergen laurdag.

– Det var stort. Det var mykje folk og litt rørande, seier Elisabet Osdal frå Selje, som var ein av fire ungdomspilegrimar som hadde frakta kopien av Sunnivaskrinet sjøvegen og kom inn Vågen saman med Bergen Kystlag om bord i jekta Den gode hensikt.

På plass i den gamle farkosten som frakta pilegrimar og skrin den siste delen av reisa var også mellom andre Stadordførar Alfred Bjørlo som var med og helsa dei frammøtte på Torget.

I Bergen venta både Sunnivafestivalen i høve av at det er 850 år sidan skrinet med levningane etter Sankta Sunniva vart frakta frå Selja til Bergen, og jubileet som markerer at Bergen by er 950 år. Sunnivaskrinet vart tatt på land og bore i prosesjon over Bryggen til Kristkirketomta. Der overrekte pilegrimane frå seglasen ordførar Marte Mjøs Persen i Bergen kommune brev som dei hadde samla i skrinet undervegs.

– Vi var ofte med på dei lutherske gudstenestene, og der kom konfirmantar og la brev i skrinet. Vi tok breva med som pilegrimar, fortel Osdal.

I breva som vart overrekte har både konfirmantar og andre skrive tekstar om det å ta vare på skaparverket.

Saman med Dina Øien (18) frå Florø representerte Seljejenta protestantisk kyrkje, medan to andre ungdomar reiste som pilegrimar for ortodokse og katolske kyrkjer. Jentene seier at reisa med ulike båtar langs leia gjekk veldig bra.

– Det var veldig fint å reise i seglbåtar og sjå kysten på ein heilt annan måte enn når ein reiser med hurtigbåt. Du får nyte fjell, øyar, og alt du ser. Det var veldig spesielt og veldig gøy, seier Dina Øien.

Det var også ei oppleving å lære om båtar, og jentene tek gjerne ei ny pilegrimsreise i båt på sjøen.

– Det var veldig gøy! Eg tar absolutt ein ny tur, seier Osdal.

Ho legg til at noko av det beste med reisa var også det å verte kjend med dei andre ungdomane og med mannskapet.

– Heile opplevinga var veldig fin. Vi vart ei fin og god gruppe saman. Kysten er veldig fin, og eg er blitt veldig glad i båtlivet.

● Sjå fleire bilde frå Sunnivafestivalen i Bergen på **fjt.no**.

**SIRI KOLSETH**
fjt@fjt.no

## dagens tekst

**«Jeg gleder meg over ditt ord som en som finner meget bytte.»**
(Salm. 119,162.)
«Guds ord det er vårt arvegods,» synger vi. Hvor fattig ville vi ikke ha vært, om vi ikke hadde Guds levende ord? Gjennom ordet taler Gud til oss. Ordet er lys på livsveien, og det er sjelens mat. Begynn og grav i dette skattkammer, og du skal bli forundret og glad. Til mer du senker deg ned i ordet til større lyst får du til å høre hva Gud har å si deg. Be som David ber: «Opplat mine øyne så jeg må se de underlige ting i ditt ord!»

## namnedag

08.09: **Amalie**, latinisert tysk kortform av navn på Amal-, «virksom». **Alma**, spansk, «nærende, god», el. kortform av nav på Ama-, «virksom». **Allan**, engelsk, uviss bet.
09.09: **Trygve**, nord., «pålitelig, trofast». **Tyra**, latinisert form av dansk Thyre, gudenavnet Tor + trolig «strid». **Trym**, nord. gudenavn, usikker bet.
10.09: **Tord**, nord., av Torfred. **Tor**, nord., gudenavnet Tor, «tordneren », el. av Tord.